
Saksnr: 2020/51083-1
Saksbehandler: Tina Kvammen Mjøs
Dato: Sinclair
14.05.2020

Til: Fylkesutvalet
Frå: Rådmann

Plattform for internasjonalt arbeid i Vestland

Innleiing

Fylkesrådmannen har oppretta ei arbeidsgruppe som skal kome med eit framlegg til ein plattform for internasjonalt arbeid i Vestland fylkeskommune. Fylkeskommunen sitt engasjement internasjonalt vil bli del av arbeidet med regionale planar, temaplanar og strategiar, men det er behov for å ha ei overordna og samla tilnærming – både politisk og administrativt.

Målsettinga er å leggje fram ei sak for fylkestinget 29.september 2020, og arbeidsgruppa legg opp til ein slik framdriftsplan for arbeidet:

| Post | Fase | Politisk sak | Innhald | Mai | Juni | Juli | August | Sept | Skrivefrist |
|------|-----------------------------|-------------------------------|---|-----|------|-------|--------|------|-------------|
| 1 | Oppstart | | Oversikt internasjonalt arbeid, organisering, framdrift | 12 | | | | | |
| 2 | Politisk prosesytingsvedtak | Orienteringssak fylkesutvalet | Oversikt internasjonalt arbeid, organisering, framdrift | 28 | | | | | 07.05 |
| 3 | Utarbeiding fase 1 | | Mål og strategiar | | | | | | |
| 4 | Intern medverknad fase | | Mål og strategiar | | | | | | |
| 5 | Utarbeiding fase 2 | | Forslag | | | FERIE | | | |
| 6 | Politisk vedtak | Sak til hovedutvala | Forslag | | | | | 16 | 26.08 |
| 7 | Politisk vedtak | Sak til fylkesutvalet | Forslag | | | | | 17 | 25.08 |
| 8 | Politisk vedtak | Sak til fylkestinget | Forslag | | | | | 29 | 08.09 |

Dette notatet er ei innleiande og generell orientering til fylkesutvalet om arbeidet (jamfør punkt 2 i tidsplanen).

Ved etableringa av Vestland fylkeskommune 1.januar 2020 vart prosjekt, tiltak og avtalar som dei to tidlegare fylka stod i overført til den nye fylkeskommunen. Fylkesrådmannen ser eit behov for å:

- Klargjere målsetting og strategi for internasjonalt arbeid
- Skaffe oversikt over internasjonale prosjekt, tiltak og avtalar
- Fordele desse mellom avdelingane i den nye fylkeskommunen i samsvar med organisering og ansvar
- Prioritere og spisse innsatsen knytt til internasjonalt arbeid innanfor rammer i budsjett og økonomiplan

Plattform for internasjonalt arbeid skal forankrast i:

- Samfunnsoppdrag, visjon og verdiar for Vestland fylkeskommune
- Utviklingsplan for Vestland 2020-2024

Pr. i dag er hovudtyngda av internasjonalt arbeid knytt til følgjande sektorar:

- Innovasjon og næringsutvikling
- Opplæring og kompetanse

- Kultur, idrett og integrering

Arbeidsgruppa er sett saman av representantar for desse tre sektorane og arbeidet med strategien blir koordinert av avdeling for strategisk utvikling og digitalisering.

Nedanfor er ei kort framstilling av status for internasjonalt arbeid innanfor dei tre nemnde sektorane.

I arbeidet med den nye strategien vil eventuelle internasjonale satsingar knytt til dei andre sektorane også bli avklart.

Internasjonalt arbeid i opplæringssektoren

Korleis jobbar vi internasjonalt?

Opplæringsavdelingane i dei to tidlegare fylka har begge hatt ansvar for internasjonalt arbeid i sektoren. Tidlegare Hordaland fylkeskommune har hatt eit høgare aktivitetsnivå enn tidlegare Sogn og Fjordane, men vidaregåande skular i begge fylka har gjennomført internasjonale aktivitetar som Erasmus+ partnerskap og Erasmus VET Mobilitet. I 2018 gjennomførte 97% av dei vidaregåande skulane i Hordaland internasjonale aktivitetar, og ein finn internasjonale aktivitetar på alle utdanningsprogram. Aktivitetane er i samsvar med det overordna internasjonale arbeidet i begge fylka som legg vekt på at ungdom skal få internasjonal kompetanse, erfaring, kulturforståing og medansvar. Det er også i samsvar med nasjonale føringar som seier at kunnskap om internasjonale forhold, politikk, språk og kultur er eit mål i seg sjølv, som ein del av allmenndanninga, samtidig som internasjonalisering skal bidra til å auke kvaliteten i utdanninga. På alle trinn i utdanninga er det viktig å gi elevane interkulturell kompetanse slik at dei kan fungere i eit kulturelt mangfald og i internasjonal samhandling. (St. melding 14 2008-2009).

Det blei etablert mange tilbod i utlandet i regi av Hordaland fylkeskommune for elevane i vidaregåande opplæring. Ordningane omfattar både studieførebuande og yrkesfaglege utdanningsprogram. Tilbod om å ta ein del av den vidaregåande opplæringa (eit skuleår (Vg2) i utlandet) eller gjennomføre eit kortare praksisopphald i utlandet for elevar, lærlingar og yrkesfaglærarar (Erasmus+ mobilitet) har vore ein viktig del av den internasjonale satsinga.

Kvifor vi jobbar med internasjonalt arbeid?

Det overordna målet med internasjonalt arbeid i opplæringssektoren må vere å gjere elevane og lærlingane i Vestland fylke til lokale, nasjonale og globale medborgarar. Ambisjonen skal ikkje vere at alle skal reise ut, men alle elevar og lærlingar skal få ein internasjonal dimensjon i opplæringa uavhengig om dei reiser utanlands eller ikkje. Interkulturell kompetanse skal gjere elevane og lærlingane i stand til å fungere positivt, reflektert og aktivt i eit fleirkulturelt norsk samfunn og i eit internasjonalt verdssamfunn.

Internasjonalt arbeid knytt til innovasjon og næringsutvikling

Kvifor vi jobbar med internasjonalt arbeid?

EØS-avtalen er hovudfundamentet i Norges samarbeid med EU. Den sikrar fri bevegelse for personar, varer, tenester og kapital, og gir norske verksemdar tilgang til ein marknad med 500 millionar menneske. Vestland fylkeskommune treng difor ein klar strategi for korleis regionen skal forhalda seg til Europa. Eit tett samarbeid med europeiske partnarar og aktiv deltaking i nettverk og prosjekt gir òg moglegheit til å påverke viktige rammevilkår. Sidan Norge ikkje er medlem i EU er det desto viktigare at norske regionar er tydelege i fora og diskusjonar om europapolitiske spørsmål.

Vestland fylkeskommune har ei politisk rolle gjennom verv i internasjonale nettverk og organisasjonar, som gjev ein direkte kanal for påverknad inn i EU-systemet.

Fylkeskommunen si samfunnsutviklarrolle inneber eit ansvar for ei heilskapleg utvikling på tvers av fagområde, i tett dialog og samarbeid med ein regionalt partnerskap. I det ligg ein unik moglegheit for å mobilisere til internasjonalt samarbeid. Evne til å jobbe tverrsektorielt og tverrfagleg og evne til å mobilisere regionale aktørar, er viktige føresetnader for å lukkast med internasjonalt arbeid.

Korleis jobbar vi internasjonalt?

Eit av hovudprinsippa i avdelinga sitt arbeid er at internasjonale aktivitetar skal til ei kvar tid vere forankra i regionale planar og strategiar.

Norske styresmakter kanalisere store utviklingsmidlar gjennom EØS og EU. Avdelinga har prioritert å byggje kompetanse, kapasitet og ikkje minst nettverk for å få tak i desse midlane. Oppgåvene er hovudsakleg knytt til:

- Strategisk bruk av internasjonalt samarbeid for å løyse samfunnsutfordringar knytt til innovasjon og næringsutvikling
- Påverke rammevilkår for ei god regional utvikling
- Mobilisere sentrale aktørar i Vestland til å delta i internasjonale aktivitetar
- Sikre tilgang til ny kunnskap og fagleg kompetanse i private verksemdar og i offentleg sektor.

Internasjonalt arbeid på kulturfeltet

Korleis og kvifor vert det jobba internasjonalt?

Store deler av det profesjonelle kunst- kulturlivet i Vestland har eit internasjonalt verkeområde og nettverk. Det gjeld særleg innan det profesjonelle kunstlivet, både på institusjonsnivå og ikkje minst det frie feltet med grupper og enkeltkunstnarar. Her må fylkeskommunen sjå korleis ein best kan støtte opp under dette arbeidet gjennom ulike tilskotsordningar, kompetanse og koordinering el.

Gjestekunstnaropphald og ordningar er også ein viktig del av fylkeskommunen sitt internasjonale arbeid. Det skjer i hovudsak gjennom å støtte kortare eller lengre Artist In Residence- tiltak både for norske kunstnarar som vil ut og utanlandske kunstnarar som kjem til Vestland fylke og jobbar saman med det vestlandske kunstmiljøet. Det største satsinga her er Artist In Residence- ordninga knytt til Hordaland kunstsenter.

Hordaland fylkeskommune hadde fleire samarbeidsregionar, med litt ulik struktur og karakter. På kulturfeltet har samarbeidsaktiviteten variert i ulike periodar, og det har dei siste åra vore samarbeid på med Basse-Normandie/Normandie, Edinburgh og Orknøyane. Desse kan vere aktuelle å vidareføre, og det har både vore samarbeid og erfaringsutveksling på politisk og administrativt nivå og mellom organisasjonar og institusjonar i kulturlivet.

På idrettsfeltet har det vore nær kontakt med til dømes Danmark for erfaringsutveksling og fagleg utvikling, særleg når det gjeld utvikling av anlegg for fysisk aktivitet og møteplassar. Det har vore tradisjon å gje juletre frå Hordaland som gåve til Orknøyane og til Edinburgh, og tenning av desse har vore ei oppgåve for politisk nivå. Det har vore knytt ulike kulturarrangement ol til desse juletretenningane.

Det har også vore kontaktar og noko samarbeidsaktivitet med Irland. Det er den Norske Ambassade i Irland som har initiert dette. Det er m.a. starta opp forfattarutveksling, og det er potensiale for kontaktar og samarbeid på fleire deler av kulturfeltet, ikkje minst når det gjeld kulturarv.

Når det gjeld EU sine program for kultur og kompetanse har fylkeskommunen både nytta desse direkte og vore ein vidareformidlar av informasjon og koordinator. Desse ordningar endrar seg, men slik det er no har kulturavdelinga nytta Erasmus-stipend ol til eiga kompetanseheving og til å bidra til kompetanseheving og erfaringsutveksling ute i til dømes i biblioteksektoren og kulturarvssektoren. Creative Europe-programmet har vore viktig for fleire kunst- og kulturinstitusjonar, og fylkeskommunen har vore vidareformidlar av informasjon og kontakt mellom kulturaktørane i fylket og Norsk kulturråd som er offisielt kontaktpunkt for programmet i Norge. Tidlegare var fylkeskommunen aktiv med sjølvinitierte prosjekt innan tunge, EU-finansierte program. Dette var svært arbeidskrevjande, og policyen dei siste åra har vore at fylkeskommunen skal legge til rette for at aktørane ute i kulturlivet kan delta direkte.

Internasjonalt arbeid knytt til strategisk utvikling og digitalisering

Korleis og kvifor vert det jobba internasjonalt?

Innanfor strategisk utvikling og digitalisering deltar seksjon for plan, klima og folkehelse i internasjonale nettverk knytt til berekraftige byar og lokalsamfunn og forskingsprosjekt knytt til FN sine berekraftsmål og bruk av kunnskap i planlegginga. Det vert arbeidd med deltaking i nettverk for folkehelse.

På eit overordna nivå skal det internasjonale arbeidet bidra til å forstå regionen si plass i verdssamfunnet, og utvikle det lokale moglegheitsrommet som ligg i FN sine globale berekraftmål. Det internasjonale arbeidet skal bidra til kunnskapsdeling og utviklingsarbeid i Vestland, retta inn mot regional og kommunal planlegging, folkehelse og klima.

Internasjonalt arbeid knytt til Mobilitet og kollektiv

Korleis vert det jobba internasjonalt?

Medlem av nettverk og leverandørar til Bybanen

Vedlegg:

1 Oversikt over internasjonalt arbeid i Vestland 2020